

Fire av ni tomter selde i Skårhaug

19.09.2006



Skårhaug sett fra andre sida av elva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Til no er fire av dei ni tomteiene som Hans Reidar Kjærland har opparbeidd i Skårhaug selde. Salet har vore litt tregt, innrømmer grunneigaren når uskedalen.no spør korleis det går med prosjektet. Han hadde det lagt ut hos ein meklar i fjar, men fekk ikkje særleg stor respons.



Sigurd Børve og Kjersti Nilsen kunne flytta inn i nytt hus i Skårhaug i fjar.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

- Uskedalen er ikkje den mest populære staden ein kan tenkje seg når det gjeld etablering i einebustader, seier Kjærland, og minnar om konkurransen med Husnes. På den andre sida er det mykje som tyder på at prosjektet som Uskedalen Brygge er 'in' for tida.

Alle ni tomteiene i Skårhaug er klåre med veg, vatn og kloakk. Opparbeidingskostnadene var relativt høge fordi det måtte sprengast mykje. Grunnen til at Kjærland er grunneigar her er at han også er eigar av Leitet. Utmarka til dette bruket var oppover i Skårhaug.

Tomteiene ligg for det meste i heller bratt lende, frå vegen og heilt oppunder masten på Skårhaug-toppen. Det er bygt hus på tre av dei tomteiene som er selde medan den fjorde er under utgraving no. Dei heldige som no har fått eller får ein sentral bustad med panoramautsikt mot både Englefjell og Nåso er Sigurd Børve/Kjersti Nilsen, Egil Eide, Arne Ljosnes og Bjørn Olav Tveit.

Dei fem tomteiene som enno ikke har fått kjøparar ligg både høgt oppe og langt nede på det tilsaman 10 dekar store arealet, det vil seie frå Skårhaugtoppen og ned mot vegen.

Av Ola Matti Mathisen



Tomta til Bjørn Olav Tveit heilt oppunder masta på Skárhaug blir opparbeidd no. (Foto: Ola Matti Mathisen)